# Grunnleggande Zotero

Albansk "zotëroj" - i læringssamanheng ≈ “å tilegne seg, å mestre”

VID bibliotek
Eva Mostraum

VID

# Agenda

- Om Zotero
- Installasjon, konto og grunninnstillingar
  - Konto
  - Installere Word-tillegg
  - Norsk APA 7
- Legge inn kjelder
  - Automatisk med connector
  - Automatisk med tryllestav
  - Automatisk via fil
  - Pensumliste frå Canvas
  - Manuelt
  - Duplisere (kopiere & endre)
  - PDF lasta inn uten metadata
- Organisere referansane
  - Organisering av kjelder
  - Dublettkontroll
  - Samskriving - Gruppe
- Skrive med Zotero
  - Henvisingar i løpande tekst
  - Sette inn bibliografi
  - Rette i referansar
- Litteraturlister i presentasjonar og nettressursar

VID

**Zotero** er eit system som handterer referansar og hjelper deg å bruke dei riktig når du skriv.

- Du organiserer referansane i eit bibliotek som igjen kan delast inn i samlingar.
- Du kan dele bibliotek med andre brukarar.
- Biblioteka blir også lagra på nettet (krev gratiskonto), så du har alltid backup.




Bildet viser Zotero med over 1200 referansar i «Mitt bibliotek», dei fleste organisert i samlingar og undersamlingar.

Gruppebiblioteket har nesten 100 referansar. Gruppebibliotek kan også organiserast i samlingar og du kan vere med i fleire gruppebibliotek.

Innhaldet i den markerte referansen viser i høgre felt. Her kan ein redigere informasjonen dersom det trengs.

# https://www.zotero.org/download/




**Last ned og installer Zotero.**
**NB!**

- PC/Mac må vere oppdatert
- Word må vere avslutta

**Installer Chrome connector**

- Chrome/Edge/Firefox/Opera – installer og aktiver.
- Safari – connector er installert saman med Zotero og utvidelsen må aktiverast i innstillingar.

Også tilgjengeleg for Linux og iOS.

# Mac
Zotero –
Preferences/Innstillinger







Språk

Du må ha konto for å ha backup online, for å synkronisere biblioteket mellom fleire maskiner og for å kunne dele gruppebibliotek med andre brukarar.

Bruk privat e-post, då kan du ha zoterobiblioteket ditt med deg om du byttar studieinstitusjon/jobb.




Får du ikkje opp zoteromenyen i Word? Prøv å avslutte og restarte Word, ev. avslutte og restarte PC/Mac.
Sjekk og at Microsoft Word tillegget er installert i Zotero.

Det er mulig å slå på klassisk dialogboks når ein treng den utan at dette feltet er avkryssa, så om du vil ha den permanent slått på er opp til deg.

# Norsk APA 7–stil i Zotero

Høgskulen på Vestlandet har APA 7-stil på begge målformar.
https://www.hvl.no/bibliotek/skrive-og-referere/zotero-og-endnote/zotero/apa7th/

Last ned og installer.

# Chicago 17 A (fotnoter) - teologi og bibelvitenskap

Zotero har Chicago 17 installert.




Du kan hente ned andre stilar dersom for eksempel eit tidsskrift forlangar ein spesiell stil. Stilbiblioteket har over 10 000 stilar.

# Registrer kjelder i Zotero

## Automatisk med connector (nettlesarutviding)

Finn kjelda og klikk på connector for å hente kjelda inn i Zotero.
Connectorknappen kan endre utsjånad etter kva for kjeldetype den oppdagar.




Det er lurt å stå i samlinga du vil at referansen skal hamne i, men det er alltids mulig å flytte referansen seinare.




NB! Hugs å alltid kvalitetssjekke og rette opp eventuelle feil i referansane du har lagt inn. Zotero hentar metadata frå nettsida til kjelda, så dersom det er feil i metadata så blir det feil i Zotero.

# Registrer kjelder i Zotero

## Automatisk med tryllestav

DOI: Fungerer for dei fleste artiklar med DOI.
ISBN: Fungerer for dei fleste engelskspråklege bøker.
PMID = PubMedID



# Registrer kjelder i Zotero

## Automatisk via fil frå database.

Det varierer frå database til database korleis ein generer filer med kjelder. Sjå brukarrettleiing for databasen du vil eksportere frå.




Importen legg seg i ei ny samling.
Samlinga kan endrast namn på og/eller innhaldet kan dras over i ei anna samling.

NB! Hugs å kvalitetssjekke referansane.

# Registrer kjelder i Zotero

## Hent inn ei heil pensumliste frå Canvas (Leganto).



# Registrer kjelder i Zotero

## Manuelt




Velg kjeldetype (elementtype). Denne kan endrast seinare dersom du har valgt feil.







Når du endrar elementtype vil også felta som skal fyllast ut endre seg.
Bruk **Kildekompasset** til å finne ut kva for kjeldetype du har og kva som skal registrerast for di kjelde.

# Registrer kjelder i Zotero

## Dupliser ei anna kjelde og gjer dei endringane som trengs.




Oftast brukt på Kapittel/Del av bok der fleire kapittel frå samme redigerte bok skal registrerast.

Når du dupliserer eit element for å legge til nytt kapittel i ei redigert bok er det kun tre ting du må endre i den nye innførselen:
Tittel (dvs. kapitteltittel)
Forfattar(ar)
Sider (dvs. kapittelsidetal).

# Registrer kjelder i Zotero

## PDF lasta inn uten metadata (tittel/forfattar/etc)







1.
Stå på pdf'en og høgreklikk (pc) eller tofingertapp (Mac).
Velg «Opprett overordnet element» i menyen.




2.
Er det ein artikkel med DOI? Lim inn DOI og gå vidare.
Dersom ikkje...velg «Manuell oppføring»




3.
Legg inn aktuelle metadata i infofeltet til høgre.

# Organisering av kjeldene

## Vis og sorter etter forskjellige kriterium




Korleis du organiserer samlingane dine er heilt opp til deg. Alle kjelder frå Mitt bibliotek kan brukast i ei oppgåve e.l., uansett kva for samling dei ligg i. Samme kjelde kan også ligge i fleire samlingar.

# Dublettkontroll




Det er fort gjort å legge ei kjelde inn i Zotero to eller fleire gonger. Menypunktet Dupliserte element kan hjelpe deg å ordne opp i det.
Hugs å kvalitetssjekke elementa og behald det som er riktig dersom dei er ulike.

# Tilbaketrukne element




Zotero sjekkar i basen **Retraction Watch** og advarar deg dersom kjelda er trekt tilbake. Den seier også kvifor kjelda er trekt tilbake.

Det kan vere grunnar til å bruke eit tilbaketrekt kjelde i ei oppgåve, men då bør ein vere bevisst på kvifor.

# Gruppebibliotek – samskriving for to eller mange




Så snart du har oppretta gruppa kan du invitere andre zoterobrukarar inn som medlemmar.

Hugs at kun kjelder i gruppebiblioteket kan brukast i fellesdokumentet, men kjelder frå eige bibliotek kan greit kopierast over i gruppebiblioteket ved å dra dei over.

# Skrive med Zotero- 1




Stå på staden i teksten du vil sette inn henvisinga, trykk på Zotero i menyen og trykk på Add/Edit Citation. Første gong du gjer det får du spørsmål om siteringsstil. Velg HVL APA 7th stil (Norsk-….).




Søk i kjeldlista i Zotero og velg kjelda du skal ha, klikk på den grå teksten eller trykk for å legge inn sidetal/paragraf/kapittel m.m.



# Skrive med Zotero - 2




Syns du det blir vanskeleg å halde oversikta kan du bruke Klassisk visning i staden. Dette valget kan gjerast ein og ein gong ved å klikke på pilen ved Z, eller fast ved å slå på Klassisk dialog i innstillingar.




Skal du ha henvisning til fleire kjelder i samme parentes gjer Zotero det enkelt for deg.

# Skrive med Zotero – 3 (litteraturlista)




Sett inn litteraturliste/referanseliste/bibliografi ved å sette markøren din der du vil lista skal vere, for så å klikke på Add/Edit Bibliography.

Du kan gjere dette når som helst etter å ha sett inn første henvisninga i teksten. Litteraturlista vil oppdatere seg kvar gong du gjer endringar i teksten som gjer at Word kommuniserer med Zotero.

Vil du vere sikker på at alt er oppdatert kan du klikke **Refresh** i zoteromenyen.

NB!
Har du fleire kjelder frå samme forfattar utgitt samme år? Då er det i APA7 riktig at årstala får a, b, etc. bak seg.
F.eks. 2017a, 2017b

Edit-delen av Bibliography blir veldig sjeldent brukt og då kun for å gjere endringar på ei kjelde som IKKJE kan gjerast i sjølve Zotero.
På ei vanleg studentoppgåve bør Edit Bibliography unngås.
Sjå neste side om korleis du rettar opp feil i henvisningar og kjelder.

# Skrive med Zotero - 4

## Feil i henvisingar/kjelder

**Er feilen i henvisninga di i teksten?** (f.eks. feile sidetal, du har valgt feil kjelde, e.l.)

Klikk på parentesen slik at den er merka - klikk på Add/Edit Citation – rett det som er feil og klikk OK/Enter.

**Er feilen i kjeldinformasjonen i Zotero?** (f.eks. feilstava namn eller tittel e.l.)

Gå til Zotero og rett opp feilen der.
Etterpå går du tilbake til Word og klikkar Refresh.

NB! Prøv ALDRI å rette feil i henvisingar/kjelder ved å skrive direkte inn i parentesar eller litteraturlista i Word. Då lagar du kun problem for deg sjølv som du kjem til å slite med i resten av skrivinga på dokumentet, med mindre du går inn seinare og rettar opp feilen via Zotero.

VID

# Lag litteraturlister til bruk i presentasjonar m.m.







1. Velg ei samling eller eit/fleire enkeltelement som du vil ha med i litteraturlista.
2. Høgreklikk for å få fram drop-down-menyen og velg «Opprett bibliografi fra samling/element(er)»
3. Velg stil og pass på at «Kopier til utklippstavle» er haka av. Klikk OK.
4. Lim inn litteraturlista i presentasjonen.

# Nettressursar

NB!
Innlegging av kjelder fungerer likt uansett referansestil, så denne delen av Kildekompasset kan også brukast av dei som brukar Chicago fotnoter 17.

- Zotero documentation
- Hjelp til bruk av Zotero  - USN
- Zotero – VID bibliotek
- Zotero på YouTube
- Kildekompasset – APA 7th (klikk inn på kjeldetypen og gå til nedst på sida for zoteroveiledning for den kjeldetypen.)
- Kildekompasset APA7th FAQ – svar på vanlege spørsmål
- HVL - Norsk APA 7th i Zotero – inkl. gode døme på f.eks. innlegging av lover.
- Søk & Skriv - Chicago fotnoter 17

VID